



**Utval:** Formannskap  
**Møtestad:** Fyresdal næringshage  
**Dato:** 12.08.2019  
**Tid:** 13:00 – 14:15

**Fylgjande medlemmer møte:**

Namn	Funksjon	Representerer
Erik Skjervagen	Ordførar	AP
Olav Gisle Noraberg	Varaordførar	AP
Kjell Sverre Thoresen	Medlem	SP
Tone Irgens Veum	Medlem	SP
Anne Serine Nærum	Medlem	AP

**Fylgjande medlemmer møte ikkje:**

Namn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

**Fylgjande varamedlemmer møte:**

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

**Fylgjande frå administrasjonen møte:**

Namn	Stilling
Une Marit Aarbakk Tangen	Konst. rådmann
Kjersti Bergland	utvalssekretær

Saker til handsaming: (sak nr./år, f.o.m. – t.o.m.)  
31/19

Merknader til møteboka:

Godkjenning av protokoll:

\_\_\_\_\_  
Erik Skjervagen  
ordførar

Fellestenesta  
utvalssekretær

Rådmannen si godkjenning, jfr. sakshandsamingsrutiner pkt. 12.0:

Une Marit Aarbakk Tangen  
Konstituert rådmann

## Saksliste

<b>Utvals- saksnr</b>	<b>Innhald</b>
---------------------------	----------------

Lukka  
møte(X)

---

PS 31/19 Referatsaker

RS 16/19 Orientering frå administrasjonen

Fyresdal 9. august 2019

Erik Skjervagen  
ordfører

utvalssekretær

## **PS 31/19 Referatsaker**

### **RS 16/19 Orientering frå administrasjonen**

#### **Handsaming i Formannskap - 12.08.2019**

Bakgrunn for møte var bekymringsmeldingar til politisk nivå om at den administrative prosessen vedrørende endring i leiarnivået innan avdelingane helse og omsorg og pleie og omsorg ikkje var i tråd med delegerete fullmakter og reglement.

Konst. Rådmann Une Marit Aarbakk Tangen orientera om prosessen som vart igangsatt den 30. juli då nyttilsett avdelingsleiar i helse og omsorg likevel ikkje tek i mot jobben. Avdelingsleiar pleie og omsorg og hovudtillitsvalde i Fagforbundet og Sjukepleiarforbundet har vore med gjennom heile prosessen.

Det vart semje om å prøve ut ein modell med ein pleie og omsorgsleiar som skal ha hovudansvaret for helse og Tøddestogene og overordna ansvar for heile pleie og omsorg. Det vert ein avdelingsleiar/ass. Pleie og omsorgsleiar som skal ha hovudansvaret for inne- og utetenesta. Det vil fortsatt vere 4 gruppeleiarar som før, på helse, i Tøddestogene og ein på utetenesta og ein inne på POS.

Dette vil vere eit prøveprosjekt i den pågåande gjennomgangen av organisasjonen som det vert arbeid med i haust og som etter planen skal vedtakast i kommunestyret i desember.

Prosjektet ligg innanfor dei vedtekne rammene, både økonomisk og i forhold til heimlar. For å kome raskt i gang vart det vurdert til ikkje å lyse ut stillingane for denne prøveperioden men å tilsette direkte.

#### **Vedtak i Formannskap - 12.08.2019**

Eit samrøystes formannskapet meiner at reglementa er fylgd fullt ut i denne prosessen og støttar det vidare arbeidet.